

### Fiske i Lærdals statsallmenning 2008.

Så vart det ein fin sommar att, men mykje snø og is, særleg i vest, gjorde at fiskesesongen ikkje vart så lang. Garnfisket var litt underleg. Ei natt kunne du få berre eit par fiskar, medan neste natt fekk du svært bra.

Her er nokre tal frå i år (tal frå 2007)

Tal fisk på garn: 2580 (2399) Stong/oter: 1540 (635), tilsaman: 4120 (3034), vekt: 2005 kg (1425 kg). Dette er vel så godt som i rekordåret 2006, då det vart teke 4107 fisk totalt. Gjennomsnittsvakta har auka litt 0,487 kg mot 0,470 i fjor. Det har kome inn rapport om fangst i frå 32 vatn. Kvevatnet er suverent best med 2303 fisk (2231) og 1221 kg (1088). Hallingskeidsandvatnet er beste vatnet med stong/oter 225 fisk (214) og 96 kg (103).

Ut frå dei innsende rapportane er det laga ein tabell over fisket i 2008. Tabellen har dei vanlege feilkjeldene: Vekta er rusa, ikkje namn på vatn, samla fangst frå fleire vatn og ikkje minst at born opp til 16 år ikkje treng fiskekort og dermed ikkje gir opp fangst. Likevel er rapporten viktig i forvaltninga, men les han for det han er. Gj. snittvektene td. er ikkje mykje å stola på dersom det berre er ein eller nokre få fiskar.

Namn på vatn	Garn	Stong/oter	Fisk totalt	Vekt i kg.	Gj.snitt i kg.
Barbrotjørn		11	11	2,900	0,264
Blandevatn		21	21	2,550	0,122
Buasogtjørn		15	15	2,750	0,183
Bjøbotntjørn		3	3	1,426	0,475
Bubotnvatn	12	53	65	27,713	0,426
Bukkesteinvatn		4	4	4,600	1,150
Einarsbotn vesle		3	3	1,200	0,400
Einarsvatn		125	125	53,600	0,429
Elvi frå Kvevatn		29	29	9,100	0,314
Fagervatn nedre		107	107	33,560	0,313
Fagervatn øvre		94	94	36,900	0,394
Finnsholsvatn øvre	70	116	186	111,121	0,597
Fleskevatn nedre		9	9	1,750	0,194
Fleskevatn øvre		123	123	36,900	0,300
Flugesprangtjørn		2	2	0,600	0,300
Fossane		26	26	11,100	0,427
Grånostjørn		14	14	4,650	0,332
Hallingskeidsandvatn		225	225	95,950	0,426
Hilmsvatn	92	83	175	74,200	0,424
Hundhus		1	1	2,750	0,183
Hånostjørnene	6	45	51	23,000	0,451
Kvevatn	2066	237	2303	1220,600	0,530
Langetjørn		2	2	0,900	0,450
Liahovdvatn		66	66	32,100	0,468
Liahovdtjørn		4	4	2,900	0,725
Ljosegrunnsvatn store	297	9	306	157,400	0,514
Ljosegrunnsvatn vesle	37	24	61	33,600	0,551
Perbaktjørnene		20	20	7,654	0,383
Raudvatn vesle		18	18	7,217	0,401
Skavlevatn		15	15	2,500	0,167
Tvillingtjørn		30	30	3,900	0,130
Ågottjørn		6	6	1,000	0,167
<b>Sum:</b>	<b>2580</b>	<b>1540</b>	<b>4120</b>	<b>2004,541</b>	<b>0,487</b>